



Herfrå spionerte krigsheltane våre på nazistane

SIDENE 13, 14,15,16 OG 17

Når du treng elektrisk: **57 75 29 20**
HEILE DØGNET

FOKUS ELEKTRO AS
LØSNER KVAERTADGEN ENKELT!
www.fokuselektr.no

Firdaposten

firdaposten.no

LAURDAG

4. JUNI 2016

NR 63 • VEKE 22

ÅRGANG 68

LAUSSAL KR. 30.00

Brukar turmål til signaturjakt



Krystallklart nei til samanslåing

Konkurransetilsynet avviser Torghatten. **SIDE 8**

PROTEST: Ein underskriftsaksjon mot oppdrettsanlegget i Veiesund har skapt engasjement; for utan å ha spurt grunneigar om lov har aksjonistane sett opp store, godt synlege skilt på utsiktspunktet på Brandsøyåsen og på Sørstrand. Aksjonsformen møter motstand, men frå Fylkesmannen får dei støtte i saka. **SIDE 2 OG 3**

«Pengar kasta bort på ein prosess alle måtte vite utfallet av. Kvifor?»

BYHJORTEN Side 18



2015 vart eit super-år

Både inntekter og lønsemd var betre enn nokon gong før. **SIDE 6**

SOMMARTID!

TYSDAG-ONSDAG-TORS DAG:
12.00-22.00

FREDAG-LAUDAG:
12.00-02.30



954 22 215



Denne rypa køyrer sjølv

99%-klubb: I Florø MC-klubb får også damer vere super-bikers. Det passer Rudi Stener Kristoffersen.

Foto: HH





DET HANDLAR OM Å RULLE: Fylkets eldste MC-klubb er begynt å trekke på åra, men er «still rolling strong».

FOTO: HEIDI HATTESTEIN

SONS OF DEMOCRACY

I Florø MC-klubb er alle velkomne.
Uansett kor mange støttehjul du har.

- **VI** er blitt 40 år og har overlevd - og alt imellom, seier Dag Magne Knapstad.

Fylkets eldste sykkelklubb feirar 40 år i helga.

KLUBBEN BLEI grunnlagt av Geir Gåsøy og Atle Kvellestad ein septemberdag i 1976. Det skjedde i eit lånt klasserom på Flora ungdomsskule.

40 år seinare er vi samla rundt eit bord på klubbhuset ved Helgøytunnelen, alle med kvart sitt kaffikrus. Det oppstår misforståingar rundt fornarnet Geir. Det er Geir Gåsøy, og altså ikkje Geir Bareksten, som starta klubben i si tid.

- Geir Bareksten er medlem nummer 36, han kom med først i 1978, seier Roy Olsen.

- Hæ? Går du rundt og veit slikt?

- Ja, det er slikt eg har i hovudet, seier den noverande leiaren.

- **VI** starta klubben fordi det var så mykje idiotkøyring på den tida. Alle med hjelm på hovudet blei skorne over ein kam. Vi ville få system på ting og få ned talet ulykker, seier Gåsøy.

Alt var litt røffare på 70-talet. Bikerane reiste oftare på treff, gjerne på 50-kubikkarar heilt til Molde, null problem.

- Vi ville samle sykkelinteresserte under vengene til klubben, seier dei.

OG HER er vi ved kjernen. Det er eit brorskap i MC-klubben. Eller eit søsterskap, om du vil. Miljøet er raust. Om du går kledd sånn eller sånn (under vesten), det spelar inga rolle. Berre du er kledd. Det er samhald, felles interesser og turar i lag.

- Ein del folk som har slite i andre miljø, finn seg til rette her i MC-miljøet. Vi tar vare på kva-

randre. Det er mykje forskjellige slags folk her, seier Roy Olsen.

I KLUBBEN er det alt frå uføretrygda til lokalpolitikarar. Og til og med kvinnfolk.

Slett ikkje alle MC-klubbar slepp inn kvinnfolk som noko anna enn ryper, sothøner og properties. Men i Florø MC-klubb har det vore jenter med frå starten, på lik linje med gutta.

- Vi er ikkje ein 1 %-klubb, men ein 99 %-klubb. Det er enkelt å bli medlem. Det finst berre nokre få reglar: Ein må ha eigen sykkel, vere 16 år og ha eit snev av normal folkeskikk. Det siste gjeld ut på natta også. Viss du er ein brautande tulling, har du ingenting her å gjere.

- **EIN** biker er ikkje ein A4-person. Vi har jobb, familie og forpliktingar, men når vi har fri, då trer vi ut av «normalen», seier Birgitte Olsen, kona til Roy.

SLIK FEIRAR EIN 40-ÅRING:

■ Fredag kveld er det uformell fest på klubbhuset ved Helgøytunnelen med bar og musikk av trubadur Torfinn.

■ Laurdag køyrer bikerane i parade frå klubbhuset via Norddalsfjord til Florø.

■ Gjengen unner på seg jubileumsmiddag på Haavebua, før det blir rabalderkonsert med gruppa Twang frå Årdal.

■ Dørene opnar for ikkje-bikerar klokka 22.00 (så sant du har sikra deg billett).

>>>>>>



1 SAMLA FLOKK. FLORØ MC-KLUBB ANNO 2016. 2 IKKJE HEILT SONS OF ANARCHY. RUNDT BORDET SIT ARNE HELLE, ROY STANDAL, ROY OLSEN, DAG MAGNE K

(forts. frå førre side)

Bikerane kjenner ein fellesskap i annleisheita.

Kameratskapen går forbi klubben også. Ein biker helse alltid på ein biker, anten dei møtest på ferjekaia på Oppedal, i København eller «junaiten».

- Det er det eg liker så godt med miljøet, seier Birgitte.

ALLE ER velkomne i Florø MC-klubb, uansett merke på sykkelen, uansett kjønn og uansett kor mange støttehjul ein har. Dette til forskjell frå Devils Choice MC Florø i Botnastranda.

- Då eg skada meg, bygde dei andre rampe til meg, seier Arne.

Han sit på «firhjulingen» sin; rullestolen.

Han er lam frå brystet og ned etter ei

ulykke på Cuba i 2014. Han mista balansen på sykkelen, datt ut i vegen og blei overkøyr av ein bil. Han låg på sjukehus i til saman eitt år og to månader, mellom anna på Haukeland i Bergen.

Det første livsteiknet frå klubben kom raskt, ei Florø MC-krus.

- Mange medlemmer kom og besøkte meg på sjukehuset. Det kom meir folk frå klubben enn frå slekta, seier han som det er.

- Har du tenkt tanken å droppe ut av klubben etter ulykka?

- Aldri. No skal eg i gang med å bygge om ein sidevognsykkel, slik at eg får rullestolen med meg. Det er ikkje umogleg. Eg skal ut og rulle igjen.

- Det kjem til å gå heilt fint, skyt dei andre inn.

- Det var jo når han stod i ro, at det blei problem.

Ram latter. Det blir ikkje lagt noko imellom, når bikerar først er blitt glade i kvarandre.

«Mange medlemmer kom og besøkte meg på sjukehuset. Det kom meir folk frå klubben enn frå slekta.»

ARNE HELLE
Biker

Heldigvis har ikkje Florø MC-klubb mista nokon på vegen i si 40 år lange historie.

BIRGITTE HAR også eit ekstra hjul. På grunn av utfordringar med balansen kan ho ikkje køyre ein vanleg sykkel, difor har ho skaffa seg ein Can-am Spyder TR Touring.

På tre hjul går det heilt fint. Litt erting for «støtthjulet» må ho tole, men MC er det like fullt.

- Eg hadde to val: Sitte bakpå med Roy resten av livet, eller køyre sjølv. Det var min store draum å ta lappen på sykkel, seier ho.

OLAV TVERANGER er klubbens eldste medlem. Han køyrer ein grøn Victory Magnum Cross Country.

- Det er 'litt' irriterande at den heiter det same som ein Volvo, men ok.

Olav er eitt av to æresmedlemmer, Dag Magne Knapstad er den andre. Dei



KNAPSTAD, MARCO LYGSTAD, OLAV TVERANGER, SOLVEIG WILLIS, GEIR GÅSØY, GEIR BAREKSTEN, BIRGITTE OLSEN. 3 VESTEN, IKKJE HEILT DEN VILLE SORTEN.

har utmerka seg med spesielt stor innsats for klubben.

- Dei fleste bikerar har møtt Olav på vegen eller på treff ein eller annan stad, fortel dei andre.

- Han er den som har flest kilometer bak seg. Han er ei legende i MC-miljøet. Når han går av sykkelen for godt, må vi nok berre mumifisere han og henge han på veggen.

MARCO LYGSTAD er klubbens yngste. Han har lappen på lett-motorsykel, og held på med den gromme MC-lappen på tung sykkel. Han køyrer ein Honda Shadow VT125.

- Delar av MC-miljøet lokkar til seg kjeltringar som køyrer rundt med vest og ser tøffe ut, seier han og held fram:

- Det er annleis med Florø MC-klubb. Klubben bidrar til samfunnet. Det har eg respekt for, og eg vil gjerne vere del av eit positivt MC-miljø.

FAKTISK VAR det MC-klubben som i si tid sette Florø på musikkartet.

Allereie i 1979 begynte dei å arrangere konsertar. Det var på den tida det framleis var vanleg med dans på lokalet.

- Vi booka dei mest populære banda i Norge, men også band på veg opp. Åge Aleksandersen har vore her 22-23 gonger i regi av MC-klubben. Han spelte blant anna på 20-årsjubileet vårt. Han har køyrt sykkel sjølv, men blei vel aldri nokon stor motorsyklist, fortel Dag Magne Knapstad.

Åge Aleksandersen-konserten på Florø stadion med 3500 betalende publikummarar er legendarisk. Det svarer til ein tredel av Floras befolkning.

I gullalderen var det konsert stort sett kvar fjortande dag: Unit Five,

Saturday Cowboys, Henning Kvitnes, Mods, Stavangerensemblen, Terje Tysland. Alle dei store norske.

MC-klubben brøyta veg for det som i dag er Rockeklubben, det er stort sett dei same folk som står bak. Per Vidar Ottesen mellom andre, han brukte å vere medlem av MC-klubben.

Men så tok det slutt.

- Diskomusikken kom, og dans på lokalet blei ut. Og så begynte det vel å bli ein viss slitasje på folk som stilte opp heile tida.

FLORØ MC-KLUBB:

- Etablert 30. september 1976.
- 350 medlemmer har vore innom klubben i åras løp.
- Open for alle som eig ein sykkel uansett merke, er 16 år og har eit snev av folkeskikk. Også damer kan vere medlemmer.

119 år har dei hatt klubbhus ved Helgøytunellen.

Før det heldt dei til midt i Strandgata, i kjellaren på Sande-huset. Bikerane var meir synlege i bymiljøet. Det gjekk ikkje ein dag utan at folk

hang rundt på klubbhuset, mekka litt på ein sykkel, eller taut over ein kopp kaffi.

- Det var ei god tid.

Nostalgiske sukk.

FLORØ MC-KLUBB har bidratt til samfunnet, synest dei.

Men kan det hende at annleisheita som knyter dei i hop, også held dei utanfor det gode selskap?

- Saman med Sparebanken Sogn og Fjordane gav vi 150.000 kroner til Havhesten. Verken vi eller banken blei gjort ære på ved opninga, vi var ikkje eingong inviterte. Det var takka, seier dei.

Om banken drukna i motorbrølet, kan ein berre spekulere i. Kommunens emnente grå tok i alle fall all æra, slår bikerane fast.

Og så er det endå meir ram latter.